

## Saksprotokoll i 03.04.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

June Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 5

Hovedutval for kultur, idrett og integrering ber administrasjonen om å komme tilbake med ett forslag for hvordan man kan få flere digitale ressurser i folkebibliotekene.».

### Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke. Indrevik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering vil styrkje fylkeskommunen si utviklar- og koordineringsrolle i høve å sikre innbyggjarane tilgjenge til digitalt innhald i biblioteka.
2. Arbeidet for å organisere biblioteka i Vestland fylke i konsortium for utlån av digitale ressursar med ei felles teknisk løysing, og ei felles samling, skal halde fram innanfor gjeldande budsjett for 2020.
3. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering meiner at det bør vere eit mål at fylkeskommunen skal bidra med 1/3 av det totale budsjettet til innkjøpskonsortiet for digitale ressursar.
4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering understrekar behovet for nasjonale avtalar når det gjeld e-bøker og e-lydbøker og meiner at prismodellen for e-bøker bør leggast til grunn for utlån av e-lydbøker.
5. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ber administrasjonen om å kome tilbake med eit forslag om korleis man kan få fleire digitale ressursar i folkebiblioteka.